

Årsmelding Kirkens SOS Rogaland, 2025

«Våre frivillige opparbeider seg ei erfaring og kompetanse som er ein ressurs langt utover samtalerommet. Den tek dei med seg og brukar i kvardagen, på skulen, på arbeidsplassen og blant familie og vener i lokalsamfunnet.»

Den setninga står ofte i våre søknader om støtte. Og ho stemmer. Fleire av våre frivillige fortel om korleis erfaringa dei får, er verdifull i møte med andre menneske. Det gjeld òg dei frivillige som har eit aktivt menighetsliv. Kompetansen dei får i tenesta hos oss, kjem heile menigheita til gode. Å ha medlemmar som er frivillige i Kirkens SOS, kan vere til velsigning.

Som ei døgnopen kriseteneste er vi òg menigheita sin forlenga diakonale arm. Våre frivillige bidreg sterkt til at menneske skal ha ein stad å ringe eller skrive til når alt anna er stengt. Sjølv midt på natta. For når telefonen ringer om natta, er det ofte alvor. Hos oss ringer han kvar natt.

Ved utgangen av 2025 hadde vi 84 aktive frivillige i Rogaland. Det er ein svak auke frå året før. Dei gjennomførte 1 626 vakter i 2025 og svara på 12 204 samtalar mot 13 780 året før. Nedgangen skuldast at vi var noko færre frivillige på våren enn hausten.

Dei frivillige er i alderen 21 til 80 år. Vi har ein sterk seniorprofil der halvparten er i gruppa 60–74 år. Vi har òg ei betydeleg gruppe mellom 45 og 59 (18) og 20–45 (16). Det gir ein snittalder på 58,3 år. Kvinnene er i fleirtal og utgjør 70 prosent av dei frivillige.

Kirkens SOS har ein særleg vekt på sjølvmoordsførebyggjande samtalar, og behovet er stort. Dei ferskaste sjølvmoordstala viser 739 sjølvmoord i 2024. Det er 29 fleire enn i 2023 og det høgste som er registrert nokon gong (tala blir presenterte eitt år i etterkant). Den såkalla sjølvmoordsraten, som justerer for folkevekst, gav ein sjølvmoordsrate på 13,3 per 100 000 innbyggjarar. Det er den høgste raten sidan 1999. Andre tema som går igjen, er psykiske helseproblem, einsemd, relasjonsproblem og behovet for det vi kallar kvardagsomsorg.

Vårt viktigaste mål i 2026 er «fleire gode samtalar». Takk for at de står saman med oss i det arbeidet. Tusen takk for offer og forbøn. Takk for at informasjon om nye innføringskurs blir kunngjort på gudstenester, og at artiklar og annonsar vert sett på trykk i menighetsblada.

Takk òg til dykk som er med som frivillige, og velkomen til å bli det for dykk andre.

Med hilsen

Signe Bøe Trodahl
Senterleder Rogaland